



Statens vegvesen

Vedlegg 2

Innkome merknader til kunngjering og kommentarar til disse

Grunneigarar, offentlege myndigheiter, lokale organisasjonar og andre berørte blei varsla opp oppstart av planarbeidet i brev datert 09.02.23. Frist for merknader var 13.03.23. Det blei den 13.10.23 varsla om tilleggskunngjering då det var behov for meir areal enn først anteke. Tilleggskunngjeringa omfatta tre mindre areal. Varsel blei sendt grunneigarar, offentlege myndigheiter, lokale organisasjonar og andre berørte 10.10.23. Frist for merknader var 07.11.23. Det kom inn 13 merknader til kunngjeringa i mars 23 og 6 merknader til tilleggskunngjeringa november 23.

Tabell 1 - merknader til kunngjeringa

Merknad frå		Oppsummering	Statens vegvesen sin kommentar
Offentlege etatar			
1	Statsforvalteren i Vestfold og Telemark Brev av 10.03.23	<u>Landbruk</u> Landbruksavdelinga vil sterkt oppmode om å avgrense omdisponering av jordbruksareal så mykje som mogleg gjennom trasévalet og ein arealøkonomisk utforming av vegen. Jordvern er av nasjonal interesse. Ved evt. omdisponering må alternativ vere utgreidd og det må komme fram kor mye areal dyra og dyrkbar mark som omdisponert og konsekvensane av det. Det bør utarbeidast matjordplan.	<u>Landbruk</u> Omdisponering av dyrka mark er avgrensa. Det er nytta krappare kurvatur enn det som vegnormalen legg opp til. Se planomtalen for detaljer. Det er stilt krav om matjordplan i føresegnene.

		<p><u>Naturmangfald</u> Statsforvalter rår til at kartlegging av naturmangfald blir gjort etter metoden Natur i Noreg (NiN).</p> <p><u>Vassmiljø</u> Planområdet kryssar to bekker tilhøyrande Vinjevatn og Kåvsåi bekkefelt (økologisk tilstand: svært god), og området har avrenning til Vinjevatn (økologisk tilstand: godt). Statsforvalter minner om vassforskrifta §§ 4 og 5 og måla sett i regional vassforvaltningsplan. Det må unngåast at tiltak innanfor planområdet har negativ påverknad på tilstanden i desse vassførekomstane, til dømes gjennom avrenning. Anleggsfasen viktig.</p> <p><u>Samfunnstryggleik og ROS-analyse</u> Alle planar skal ha ROS-analyse jf. plan- og bygningslova § 4-3. Aktsemdområde sno- og steinsprang, og aktsemdområde jord- og flaumskred må takast omsyn til.</p> <p><u>Klimatilpassing</u> Det må takast omsyn til forventade framtidige klimaendringar gjennom klimatilpassing av planar for utbygging, sjå <i>Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing</i> (2018) (SPR-klima) og tilhøyrande rettleiar om klimatilpassing.</p> <p><u>Klimagassutslepp</u></p>	<p>Det er gjennomført NiN-kartlegging. Sjå eigen rapport og planomtalen.</p> <p>Sjå planomtalen for detaljer.</p> <p>ROS-analyse er utarbeidd.</p> <p>Klimatilpassing og klimagassutslepp Sjå planomtalen for detaljer.</p>
--	--	---	---

		<p>Statsforvalter støtter og ser svært positivt på arealrekneskap og rekneskap for klimautslepp.</p> <p><u>Støy</u> Føreset at <i>Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging</i> (T-1442/2021) vil leggest til grunn.</p> <p><u>Landskap</u> Det er ikkje registrert verdifulle landskap i området. Skjeringar kan, dersom dei blir gjort større, ha stor landskapsverknader.</p>	<p>Det er utarbeidd støytutredning og omsynet til støy er ivarettatt i føresegnene.</p>
2	<p>Vestfold og Telemark Fylkeskommune Brev av 14.03.23</p>	<p>Fylkeskommunen har følgende merknader: Barn og unge: Fylkeskommunen ber om at arealinteresser knytta til barn og unge blir beskrivne og vurdert i saksutgreiinga og planskildringa Jordvern: ber om at minst mogeleg dyrka mark tas. Dersom omdisponering av dyrka mark bør det utarbeidast matjordplan, som skal følgje saka ved offentleg ettersyn, og sikrast i reguleringsføresegna. Vassforvaltning: minner om Regional vannforvaltningsplan 2022–2027 for Vestfold og Telemark. Verknaden av planen på vassmiljø i alle ramma vassførekomstar må vurderast under anleggs- og driftsfase. Klima og energi: Fylkeskommunen ser positivt på at arealrekneskap, rekneskap for klimagassutslepp og</p>	<p>Sjå planomtalen sine kapitlar om born og unge, jordvern (det er stilt krav om matjordplan i føresegnene), vassforvaltning og klima. Fylkeskommunen har gjennomført arkeologisk registrering. Sjå eigen rapport og vurdering i planomtalen. Det er tatt inn eigen føresegn om kulturminne.</p> <p>Planen legg ikkje opp til riving av SEFRAK-registrerte bygningar. Sjå elles planomtalen.</p>

	<p>klimatilpassing (t.d. klimapåslag i ROS) skal vere ein del av reguleringsplanen plan- og bygningslova § 12-7, Vinje kommunes Klima- og berekraftsplan (2021) og gjeldande regional klimaplan for Telemark (2019-2026).</p> <p>Kulturarv: Arkeologisk registrering må utførast. Det visast og til meldeplikta etter kulturminnelova §8 andre ledd.</p> <p>Fylkeskommunen tilrår at denne blir innarbeidd i fellesføresegnene til planen med følgande tekst: <i>Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan verka inn på eit automatisk freda kulturminne, skal Vestfold og Telemark fylkeskommune verte kontakta og arbeidet stansast i den utstrekkinga det kan røra kulturminnet. Kulturminnestyresmakta avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan halde fram og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. kulturminnelova § 8 andre ledd).</i></p> <p>Kulturminne frå nyare tid, frå 1536: Fleire SEFRAK-registrerte bygg. Dersom tiltaket medfører at Sefrak-registrerte bygningar blir ramma ber vi om at dette blir opplyst om og at de tar kontakt med Kulturarv. Det er viktig at dei gamle gardstuna får behalda eit landleg preg og at ein vektlegg etablering av buffersoner for dei gamle tuna og gamle bygningar. Vegen bør leggest så langt unna dei freda bygningane på Særen (gnbr. 23/1), som mogleg. Fylkeskommunen gjer merksam på at</p>	
--	--	--

		vegløpa elles i området som går mellom gardane og som kryssar E 134 er svært gamle og derfor er vesentleg å behalde som løp. Dei gamle vegane i området bør bevarast og kunne nyttast som turvegar.	
3	Mattilsynet, brev av 06.03.23	<p>Mattilsynet viser til referat frå oppstartsmøte.</p> <p><u>Drikkevatn</u> Kartleggje private drikkevasskjelder i området. Undersøkje at arbeider ikkje påverkar drikkevasskjelder under anleggsperioden og i driftsfasen. Planomtala skal ha eit kapittel om konsekvensar for VA og kommunale anlegg, inkl. vurdering av finansiering/utgifter. Ein må vurdere føresegner, i rekkjefølgje, som sikrar infrastruktur (veg, vatn, avlaup, overvatn).</p> <p><u>Forureining og vassmiljø</u> Ein må syte for å hindre forureining til vassmiljøet, særleg under anleggsperioden.</p> <p><u>Smitteoverføring fiskehelse og plantehelse</u> Mattilsynet gjer også merksam på risiko for smitteoverføring frå anleggsmaskiner som blir transportert til anlegget. Føresegner om naudsynt.</p>	<p>Det er enkelte grunnvassbrønner i nærleiken av planområdet. Brønner kartleggast i samband med byggeplanlegging (før anleggsperioden). Ein kjenner ikkje til smittsame plantesjukdomar i område, jf. avklaring mot floghavreregistret og PCN-registeret. Jordbrukssjef kjenner ikkje til smittsame plantesjukdomar. Bekkane er ikkje fiskeførande. Sjå elles planomtalen.</p>
4	Norges vassdrags- og energidirektorat, brev av 02.03.23	<p><u>Flaum:</u> To vassdrag kryssar planområdet. Er markerte som aktsemdområde for flaum. Reell fare for flaum må vere avklart og tryggleiken dokumentert. Flaumfaren må bli vurdert av fagkunnig.</p> <p><u>Skred i bratt terreng:</u> delar av planområdet ligg innanfor aktsemdområde for snøskred, steinsprang og jord- og</p>	<p>Flaumfare er vurdert. Sjå hydrologisk rapport og planomtalen.</p> <p>Skredfare er vurdert, sjå geologisk rapport og planomtalen. Eit fareområde er regulert inn og fylgt opp med føresegner.</p>

		<p>flaumskred. Reell fare for skred må vere avklart og tryggleiken dokumentert. Skredfaren må vurderast av fagkyndig.</p> <p><u>Omsyn til vassdrag:</u> Generell aktsemdplikt for tiltak i vassdrag (vassressurslova § 5). Dersom tiltak i og ved vassdrag, må verknadane av tiltaket greiast ut, og omsynet til vassdraget ivaretakast. Tiltak i vassdrag: må konkretisere kva tiltak i vassdrag som er naudsynt, og innarbeide dei i plankart og føresegner. NVE vil då vurdere inngrep i vassdraget etter vassressurslova i samband med planbehandlninga.</p> <p>Kantvegetasjon: naturleg vegetasjonsbelte skal oppretthaldast.</p> <p><u>Generelt om naturfare på reguleringsplannivå:</u> Krava til sikkerheit er utdjupa og konkretisert i TEK17 kap. 7. Tryggingsskrava skal leggest til grunn for ROS-analyser etter pbl. § 4-3. Bruk av arealføremål (bla omsynssoner) og føresegner for å sikre seg mot naturfarer.</p>	
5	Folkehelse rådgevar Vinje kommune, e-post av 27.02.23	<p>Vurdere GS-veg med utgangspunkt i:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Delar av strekninga er en del av ei sykkelrunde som fastbuande nyttar. 2. Strekninga blir også nytta av turistar som sykklar E 134 3. Gunstig om strekninga kunne blitt ein del av Vegvesenets prosjekt «nasjonale sykkelruter». <p>Nasjonalsykkellrute 3 og 2 går gjennom Vinje kommune.</p> <ol style="list-style-type: none"> 4. Av omsyn til sykkelturnisme og folkehelse tiltak så er det gunstig å legge til rette for GS på strekninga. 	Reguleringsplanen legg opp til at det kan etablerast samanhengande gs-veg frå Bøgrend til Særensgrend.
Andre			

6	Bjørn Erik Berdalen, e-post/brev av 13.03.23	Eigar av gnr/bnr 25/2. Veldig fornøyd med alternativet langs dagens E134 gjennom Kjerringdalen. Traseen på utsida vil skape ulemper for skogsdrift, jakt, natur og øydelegge mykje produktivt skogbruksareal. Kva med å legge vegen litt lengre ned og ut på toppen av Kjerringdalen? Ynskje om å flytte 60-sona mot øst. Har plasser som kan nyttast som deponi.	Statens vegvesen ønsker ytre alternativ gjennom Kjerringdalen jf. vurdering i planomtalen. Sjå vurderingar i respektive kapittel (naturressurser, natur, friluftsliv). Hastighet/skilting er ikkje del av reguleringsplan. Det er lagt opp til at 60 sona gjennom Bøgrend blir omtrent som i dag.
7	Bjørn Hustveit, brev av 06.03.23	Avkøyring Hustveitvegen blir øydelagt, uakseptabelt. Tømmerbil bruker vegen. Veglag. Ber om at vegen blir flytta minst 25 m mot syd så det blir akseptabelt avkøyring. Har parkeringsplass nede ved E134. Må ha vinterparkering. Har tømmervelteplass ved Kose gnr/bnr 57/4.	Hustveitvegen leggst om og avkøyringa blir vesentleg betre enn den er i dag. Vegen er dimensjonert for tømmerbil. Det er areal som kan tilretteleggast for parkering.
8	Øyvind Hustveit, brev av 09.03.23	<ul style="list-style-type: none"> - Sikre 4 stk avkøyringar til eigedomane gnr. 25/1 og 26/2: To til gnr/bnr 25/1, den gardsvegen som er felles med gnr/bnr 25/3 og den gamle ved gnr/bnr 25/8. Det er også tømmervelteplass ved gnr/bnr 25/8. Samt tømmervelteplassane ved gnr/bnr 25/1 og gnr. 26/2 på både høgre og venstre side i Kjerringdalen. - Forsvarleg av-/påstigning buss for skuleungdom frå eigendom gnr/bnr 25/1 - Plass til renovasjonsdunkar ved ny E134 - Ber om støyregulerande tiltak - Har vann via borebrønn til gnr/bnr 25/15 og 25/1 - Tømmervelte ved Kjøse, gnr/bnr 57/4 	Avkøyrslar er regulert inn i planen med avkøyrseleppil eller som veg (Hustveitvegen). Det er regulert inn areal til tømmeropplag ved gnr/bnr 25/8, i botnen av Kjerringdalen og vest for ny trasé gjennom Kjerringdalen. Det er regulert inn areal slik at skulebuss kan snu ved gnr/bnr 25/8. Det er plass til renovasjonsdunkar ved Hustveitvegen og ved gnr/bnr 25/8. Bygningane er ikkje utsett for støynivå slik at det er krav om støytiltak, jf. støyrapport. Undergangen under E134 blir ikkje oppretthalde.

		<ul style="list-style-type: none"> - Ynskjer å behalde undergangen under E134. Trygg kryssing - Oversikt over areal som går tapt. Jaktterreng og fordelingsnøklar for storvald. Erstatning. - Viser elles til framlegget til Bjørn Hustveit. 	Erstatning for tapt areal, jakt mv. blir handtert under grunnerverv. Kryssing må skje i plan. Sjå elles planomtalen.
9	Gunn Kristiansen, e-post av 08.03.23	<p>Eigar av gnr/bnr 25/22, toppen av Kjerringdalen.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Har brønn mot E134. - Har septik ved huset, avløp i grøft mot Bøgrend - Foss som renner heilt til E134 ved mykje vann - To gamle brønnar som ikkje er i bruk, ein renn over - Ynskjer linja på utsida av Kjerringdalen. 	Eigedomen blir ikkje berørt.
10	Sveinung H. Olsnes og Heidi J. Lysdahl, brev av 03.03.23	<p>Gjeld Hustveitvegen 7 og Vinjevegen 665</p> <p><u>Drift på garden:</u> Hest. Stallplassar. Innridding, undervisning, leirar. Aktiviteten som går føre seg på garden vil ikkje kunne halde fram i ein anleggsperiode på grunn av støy frå maskiner og sprenging av fjell. Ein må derfor pårekna å finne løysingar for dette. Ynskjer dialog.</p> <p><u>Areal:</u> Beite og tun på Hustveitvegn 7 svært viktig for rasjonell drift.</p> <p><u>Støydemping:</u> må vurderast. Gjerde på høge skjeringar. Hustveitvegen 7: det gamle tunet på garden. Ynskjer ei vurdering av sanering av tunet.</p> <p>Garasje ved E134: Må kompensast.</p> <p>Kryssing E134: SVV må se på kulvert mellom øvre og nedre del av bygda.</p>	Sjå planomtalen, delar av beitemark går tapt. Planlegging av anleggsarbeidet er del av byggeplanlegginga, som kommer etter at reguleringsplanen er vedteken. Støy er vurdert, sjå støyrapport. Det planleggast ikkje innløyising av bygningar utover garasje. Erstatning er del av grunnervervet, som skjer etter at reguleringsplan er vedteken. Det er ikkje regulert inn tømmeropplagsplassar langs E134 i aust då det ikkje er slike plassar i dag.

		<p><u>Plass for tømmer:</u> I dag er det ikkje mogeleg å få levert tømmer langs E134 nokon stad i Særensgrend. Ein ber om at det blir teke omsyn til dette i komande reguleringsplan og lagt til rette for at det kan leggest opp tømmer langs vegen for henting med tømmerbil. Aktuell plassering av slik henteplass kan vere i området ved avkøyring Hustveitvegen og ved planområdets austre grense på oppsida av E134.</p> <p>Avkøyringar frå E134: Føreset gode og hensiktsmessige avkøyringar.</p> <p><u>Plass for utstyr og maskiner:</u> har ein liten plass ved Hustveitvegen 7. Må kompensereast om den forsvinn.</p> <p><u>Spredegrøft for kloakk:</u> Vinjevegen 665 har spredegrøft for eigen kloakk ned mot E134. Kan bli påverka.</p> <p><u>Vassdrag:</u> Kvennbekken går gjennom tunet og vidare under E134. Kan bli svært flaumstor. Gode løysingar må lagast.</p> <p>Ynskjer tidleg dialog med vegvesenet.</p>	
11	Arne og Gro Reine, e-post av 09.03.23	<p>Djupt skuffa. Vegen burde vert lagt på andre sida av Vinjevatn. Lurer på lagerbygg, dyrka mark og skog. Snuplassar, avkøyringar, busslommer. Høg fart, gjennomsnittsmålingar? Føler seg lite involvert. Ynskjer svar via brev i posten.</p>	<p>Prosjektet er eit utbetningsprosjekt der eksisterande E134 skal forbetrast med omsyn til mellom anna trafiksikkerheit og betre framkome. Det visast til planomtalen, kart og føresegner for detaljar.</p>
12	Solveig Ringhus m/ fleire, brev av 11.03.23	<p>Delar av strekket i reguleringsplanen er nr. 7 på lista over prioriterte strekk med GS veg i Vinje kommune sin trafiksikringsplan 2022–25. Vegstrekket i trafiksikringsplanen er frå Bustadkrysset (Vesåskrysset) til Lie i Bøgrend. Ber om at Statens vegvesen, i samråd</p>	<p>Det er Vinje kommune som må bekoste gang- og sykkelveg. Planen legg til rette for at gang- og sykkelveg kan byggast.</p>

		med Vinje kommune kan ta stilling til å gjennomføre GS-veg frå der forrige prosjekt vart stoppa aust i Bøgrend til Lie gard.	
13	Signe Stoll pva. Gro Eriksson, e-post av 14.03.23	Eigar av gnr/bnr 25/16 og 25/18 - Tjodvorlie. Eksisterande avkjørsel har utfordrande siktforhald. Auka fartsgrense vil gjere det vanskelegare å komme seg trygt av/på vegen. Ber om at støyulemper som følge av auka fartsgrense / endra trasé blir gjort greie for, og at det eventuelt blir sikra avbøtande tiltak.	Avkørsel blir utbetra. Støy er vurdert, så støyrapport.

Tabell 2 - merknader til tilleggskunngjeringa

Merknad frå		Oppsummering	Statens vegvesen sin kommentar
Offentlege etatar			
1	Statsforvalteren i Vestfold og Telemark E-post av 07.11.23	Statsforvalteren viser til brev av 10.03.23 og særleg avsnitt om landbruk.	Sjå kommentarar i tabell over.
2	Vestfold og Telemark Fylkeskommune Brev av 07.11.23	Fylkeskommunen har ingen vesentlege merknader til planutvidinga. Viser til innspelet av 14.03.23.	Sjå kommentarar i tabell over.
3	Mattilsynet, brev av 06.11.23	Mattilsynet har ingen nye merknader. Viser til innspel av 06.03.23.	Sjå kommentarar i tabell over.
Andre			
4	Hallgeir Kaarstein, brev av 06.11.23	Kaarstein ønskjer at den nye vegen på strekninga Midtbø i Særengrend og Kjerringdalen følgjer meir av	Fleire veglinjer er vurdert, òg løysingar som følgjer terrengformasjonane

		landskapets si form og ikkje trassar dette. Veggen bør ha mjuk kurvatur.	betre. Av omsyn til mellom anna trafiksikkerheit, krav til forbikøyring, terrenginngrep og masseoverskot er det valt ei rettlinje på delar av den aktuelle strekninga.
5	Øyvind Hustveit, e-post av 19.10.23	Minner om innspel datert 09.03.23.	Sjå kommentarar i tabell over.
6	Øystein Høgetveit, e-post av 14.11.23	Avkøyring til eigedomane gnr/bnr 57/25 og 57/26 kan leggest på oversida av tunet og bort til avkøyring til gnr/bnr 57/15, 57/22 og 57/19 saman med ny avkøyring til Kåsi gnr/bnr 57/4.	På grunn av høgdeforskjellar er det ikkje mogleg å kople saman avkøyringane som foreslått utan store terrenginngrep. Eigedomane gnr/bnr 57/25 og 57/26 får åtkomst på gang- og sykkelveg, og ikkje direkte ut på E134 som i dag.